


Kvalifikasjonskrav for studiestøtte til studium i utlandet



Kvalifikasjonskrav for studiestøtte til studium i utlandet

[

Redaktør:

Ragnhild Tungesvik

Forfattarar:

Hilde Granås Kjøstvedt

Guro Sandnes

Vilde Herheim Eriksen

Svenn Wold Gaulen

Innholdsliste

Kvalifikasjonskrav for studiestøtte til studium i utlandet	4
1 Bakgrunn for oppdraget	4
1.1 Oppsummering av anbefalingar	5
2 Heilgradsstudentar i internasjonaliseringspolitikken	5
3 Forholdet til EØS-regelverket	6
4 Retten til studiestøtte i Norden	7
5 Alternativ for kvalifikasjonskrav for studiestøtte	8
5.1 Null-alternativet: Behalde dagens krav til GSK	8
5.2 Fjerne GSK-kravet	11
6 Vurderingar av risikoreduserande tiltak	13
6.1 Geografiske avgrensingar	14
6.1.1 Fjerne GSK-kravet innanfor EU/EØS	14
6.1.2 Fjerne GSK-kravet innanfor EHEA	14
6.1.3 Fjerne GSK-kravet innanfor prioriterte samarbeidsland	15
6.2 Økonomiske avgrensingar	15
6.2.1 Tidsavgrensa rett til studiestøtte i utlandet	15
6.2.2 Redusere eller fjerne retten til studiestøtte til skulepengar	15
6.2.3 Redusere eller fjerne retten til studiestøtte til lærestader på kvalifiseringslista	15
6.2.4 Fjerne rett til studiestøtte ved private, kommersielle lærestader	16
6.3 Tiltak for å sikre kompetansebehov	16
6.3.1 Berre for særskilde utdanningar eller for søkarar med forkurs	16
6.3.2 Krav om retur til Noreg	17
7 Anbefalte tiltak og føresetnader for vellukka gjennomføring	17

Kvalifikasjonskrav for studiestøtte til studium i utlandet

1 Bakgrunn for oppdraget

I tildelingsbrevet for 2025 fekk Lånekassen og HK-dir i oppdrag å greie ut alternativ til generell studiekompetanse (GSK) som kvalifikasjonskrav for studiestøtte til høgare utdanning utanfor Norden. Kravet var meint å spegle opptakskrava til høgare utdanning i Noreg. Over tid har opptakskrava blitt utvida noko, hovudsakleg avgrensa til å gjelde spesifikke studieprogram.

Kunnskapsdepartementet får jamleg spørsmål om kvifor det blir stilt krav som skulle gjelde for opptak til høgare utdanning i Noreg når ein student søker studiestøtte til utdanning i andre land. Det blir vist til ei mediesak frå 2024 om éin søkar som hadde fått opptak til høgare utdanning i Storbritannia, men som ikkje fekk studiestøtte ettersom han ikkje hadde generell studiekompetanse.¹ GSK-kravet må òg sjåast i samanheng med dei forpliktingane Noreg har overfor utdanningssystema i andre land gjennom Lisboa- og Globalkonvensjonen.

Oppdraget er todelt, og i første delsvart konkluderte direktorata med at det ikkje er praktisk mogleg å stille eksakt same vilkår for tildeling av studiestøtte til høgare utdanning i land utanfor Norden som til opptak til høgare utdanning i Noreg. Lånekassen viste òg til at klagenemnda deira behandlar svært få saker som handlar om manglande GSK. For studieåret 2024/25 har Lånekassen funne at 43 søkarar fekk avslag på studiestøtte til høgare utdanning i land utanfor Norden på grunn av manglande GSK som einaste avslagsgrunn, og at kun 11 av dei hadde norsk vidaregåande utdanning.

Dette notatet svarar på del 2 av oppdraget, som skal vurdere alternativ til GSK som kvalifikasjonskrav, med omsyn til behovet for effektivisering og forenkling av statlege tenester, etterleving av internasjonale avtalar, føreseielege reglar for søkarane, risikoreduserande tiltak, politiske prioriteringar for internasjonalt samarbeid i høgare utdanning, og i kva grad studentane får nytta kompetansen sin i Noreg. Notatet er

¹ Brembo, F. & Olaisen, S. R. (2024, 21. februar). Lånekassen nekta Vegard studiestøtte fordi han valde forkurs i staden for generell studiekompetanse. NRK. <https://www.nrk.no/nordland/lanekassen-nekta-vegard-studiestotte-fordi-han-valde-forkurs-i-staden-for-generell-studiekompetans-1.16999389>.

utarbeidd i samarbeidd med Lånekassen, og i tillegg har mellom anna NIFU, Centrala Studestödnämnden (CSN) og ANSA vore involverte i arbeidet.

1.1 Oppsummering av anbefalingar

Direktorata tilrår eitt av følgjande to alternativ:

1) Direktorata anbefaler primært å halde på dagens ordning, altså nullalternativet, inntil vidare. Dagens ordning fungerer etter hensikta og det er svært få som klagar, i tillegg til at ho er enkel å forvalte og oversiktleg for søkarane. Det blei i 2022 slått fast at GSK skal vere hovudvegen til høgare utdanning. GSK-kravet er i seg sjølv eit risikoreduserande tiltak, som skal sikre at studentane er studieførebudde, noko som er særleg viktig ved utanlandsstudium som ofte har høge kostnader i form av skulepengar. Tilrådinga må sjåast i samanheng både med det pågåande arbeidet med å utvikle ny struktur og nytt innhald i studieførebuande opplæring, som òg inkluderer fellesfaga i yrkesfagleg opplæring, og med Lekve-utvalet sitt oppdrag om å gi råd om korleis framtidens utdanningsstøtte skal utformast.

2) Sekundært, og dersom alternativ 1 ikkje er aktuelt, anbefaler direktorata å fjerne GSK-kravet heilt, utan å innføre risikoreduserande tiltak. Dette alternativet vil òg vere enkelt å forstå for søkarane, og det er enkelt å forvalte. Det er òg i tråd med prinsippa i internasjonale konvensjonar som Noreg har ratifisert, og kan vere med og støtte opp under norsk internasjonaliseringspolitikk sitt mål om at fleire skal studere i utlandet. Ei ulempe med dette alternativet er at søkarar som ikkje får opptak til høgare utdanning i Noreg, likevel kan få støtte til studium i utlandet. Det vil då framleis vere eit skilje mellom opptaksregelverket og utdanningsstøtteregelverket, i og med at GSK framleis er hovudregelen for opptak til høgare utdanning i Noreg.

I det følgjande legg vi fram dei to alternativa i meir detalj, samt ei meir detaljert vurdering av ulike risikoreduserande tiltak.

2 Heilgradsstudentar i internasjonaliseringspolitikken

Medan Mobilitetsmeldinga (Meld.St. 7 (2020–2021)) set som mål at halvparten av norske studentar skal ha eit studieopphald i utlandet som ein del av utdanninga si, er det ikkje fastsett mål på kor mange studentar som skal ta ei heil grad i utlandet. Det er ønskeleg at fleire av gradsstudentane skal studere i prioriterte samarbeidsland utanfor Europa, og i ikkje-engelskspråklege land som Tyskland og Frankrike. Mobilitetsmeldinga peiker på blant anna landkunnskap, kulturforståing, språkkunnskap og nettverksbygging som positive effektar av å ta eit heilgradsstudium i utlandet.

Gradsutdanning i utlandet bidreg òg til å dekke kompetansebehov i Noreg; for eksempel har behovet for legar lenge vore høgare enn talet på studieplassar innan medisin.² Den grøne omstillinga vil krevje utvikling av nye energinæringar, og Kompetansebehovsutvalet peiker på at det kan bli nødvendig å tiltrekke seg kandidatar frå utlandet, for eksempel spesialistar med erfaring innan batteriutvikling og -produksjon.³ Behovet for at norske studentar tileignar seg denne kompetansen gjennom gradsstudium i utlandet er i mindre grad diskutert, men i mediesaka frå 2024, nemnd i innleiinga, er kompetanse eit viktig poeng.

Det har over fleire år vore nedgang i talet på gradsstudentar i utlandet; i 2014/15 var det 17 482 personar som tok gradsstudium i utlandet med støtte frå Lånekassen, og for studieåret 2024/25 ligg talet på 13 164.⁴ Dette utgjer om lag 5 prosent av den samla studentmassen. Det er ikkje gjort systematisk forskning på årsakene, men økonomiske tilhøve – høgare lånebyrde, valutasvingingar og svak norsk krone, og auka kostnader – og ei meir usikker verd blir trekt fram som faktorar som forklarar nedgangen.⁵ Kravet om GSK blir ikkje nemnd som årsak til at ikkje fleire studerer i utlandet.

3 Forholdet til EØS-regelverket

Skilnaden i krava for å ha rett på studiestøtte, basert på den geografiske plasseringa av studiet, i og utanfor Norden, har EØS-rettsleg relevans. Sak C-209/03 (Bidar) og Unionsborgardirektivet om rett til fri rørsle og opphald illustrerer at studiestøtte er EØS-rettsleg relevant.⁶ Høgsterett har òg i HR-2025-490-S anerkjent at retten til fri rørsle òg omfattar personar som er økonomisk inaktive.⁷

Skilnaden i krava for å ha rett på studiestøtte kan òg vere relevant for retten til fri rørsle av tenester, dersom restriksjonen avgrensar målgruppa særleg til private lærestader i EØS-området, jf. EØS-avtalen artikkel 36. Så lenge ein lærestad hovudsakleg er finansiert

² Wiers-Jenssen, J., & Ulvestad, E. (2022). Nyutdannede norske legers tilfredshet med utdanningen i Norge og i utlandet. *Michael*, 19, 14–31. S. 14f.

³ Kompetansebehovsutvalget. (2023). *Fremtidige kompetansebehov. Utfordringer for grønn omstilling i arbeidslivet* (Temarapport 1/2023). <https://www.kompetansebehovsutvalget.no/uploads/TArfQKaf/KBU-temarapport-2023.pdf>. s. 70ff., 83.

⁴ Tal frå Lånekassen per 25. februar 2026.

⁵ Sjø t.d. Vatland, N. M. (2026, 8. januar): Få gjer som Nora (20): – Vi mistar djup kulturkompetanse. *NRK*. <https://www.nrk.no/rogaland/fa-gjer-som-nora-20--vi-mistar-djup-kulturkompetanse-1.17675601>.

⁶ C-209/03 (Bidar) og Unionsborgerdirektivet om rett til fri bevegelse og opphold.

⁷ HR-2025-490-S, se avsnitt 95.

av private midlar, og målet er økonomisk forteneste, yter lærestaden ei «teneste» i avtalens forstand, jf. C-109/92 (Wirth).⁸

Det blir presisert at det er uklart om, eller i kva grad, forskjellen mellom Norden og resten av EØS utgjør ein restriksjon. Slik det er peikt på under punkt 3 er opptakskrava i dei andre nordiske landa av ein slik karakter at det blir kravd minst norsk GSK. På grunn av dette vil det i praksis ikkje nødvendigvis vere strengare krav for å få studiestøtte ved studium utanfor Norden enn i Norden, med nokre få unntak.

Ein restriksjon vil uansett kunne vere i tråd med EØS-regelverket dersom han har eit legitimt føremål, og er eigna, nødvendig og forholdsmessig. Føremålet bak reguleringa for studium utanfor Norden er å kontrollere at utdanningsstøtte berre blir gitt til studentar som er eigna til å gjennomføre studia, samt å sikre nyttig og rimeleg bruk av samfunnet sine ressursar. Føremål av tilsvarande karakter har blitt anerkjent som legitime omsyn i praksis frå EU-domstolen, sjå C-11/06 og C-12/06 (Morgan og Bucher) og C-209/03 (Bidar).⁹ Det same føremålet gjer seg ikkje gjeldande i Norden, då GSK-kravet i stor grad gjeld som opptakskrav i dei nordiske landa.

Tiltaket med GSK-krav utanfor Norden, og innanfor EØS-området, fungerer etter hensikta som risikoreduserande. Det bidreg til å sikre at studentane har dei nødvendige faglege føresetnadene for å fullføre utdanninga si. Tal frå Lånekassen viser at utanlandsstudentar har høg gjennomføring og låg mislighaldsrate på studielån, sjå punkt 4.1. Tiltaket er nødvendig for å nå føremålet, og framstår som forholdsmessig, då det ikkje verkar særleg inngripande i studentane sin rett til å studere innanfor EØS-området.

På denne bakgrunnen framstår det som sannsynleg at dagens ordning, som blir anbefalt som alternativ 1, er i tråd med Noreg sine EØS-rettslege plikter. Dersom GSK-kravet blir fjerna i sin heilskap (alternativ 2), vil dette ikkje vere ei avgrensing i strid med EØS-rettslege plikter.

4 Retten til studiestøtte i Norden

Høgare utdanning i Norden gir rett til studiestøtte frå Lånekassen når utdanninga er offentleg godkjend og gir rett til lån og stipend i studielandet.¹⁰ Det er formelt sett ikkje

⁸ C-109/92 (Wirth), se avsnitt 17.

⁹ C-11/06 og C-12/06 (Morgan og Bucher) og C-209/03 (Bidar).

¹⁰ Forskrift om utdanningsstøtte. (2020). *Forskrift om utdanningsstøtte* (FOR-2020-04-15-798). Lovdata. <https://lovdata.no/forskrift/2020-04-15-798>. § 26.

krav om GSK for å få støtte til studium i dei nordiske landa, men opptakskrava er utforma slik at ein i praksis minst må ha GSK frå Noreg.¹¹ I Sverige og Danmark krevst det mellom anna to år engelsk på vidaregåande nivå for å få opptak til høgare utdanning, som er eitt år meir enn det som gjeld for norsk GSK.

Unntaket for dei nordiske landa heng saman med ein fellesnordisk avtale som forpliktar dei nordiske landa til å gi søkarar busett i andre nordiske land tilgang til sin offentlege høgare utdanning på same eller likeverdige vilkår som søkarar frå sitt eige land.¹² I tillegg til kravet om GSK blir det òg gjort unntak frå § 27 i utdanningsstøtteforskrifta for dei nordiske landa. Medan heilgrads høgare utdanning utanfor Norden i hovudregelen må godkjennast av HK-dir som likestilt med akkreditert norsk utdanning, er det studielandet si godkjenning som gjeld for dei nordiske landa.¹³

Å innføre eit GSK-krav for rett til studiestøtte i Norden vil komme i konflikt med den fellesnordiske avtalen og vil antakeleg ha liten effekt i praksis. Eit ønske om eins praksis i og utanfor Norden vil difor krevje at ein går vekk frå kravet om GSK også for studiestøtte til studium i land utanfor Norden.

5 Alternativ for kvalifikasjonskrav for studiestøtte

5.1 Null-alternativet: Behalde dagens krav til GSK

Nullalternativet inneber å vidareføre dagens hovudregel, der søkarar må ha generell studiekompetanse (GSK) for å ha rett til lån og stipend til høgare utdanning utanfor Norden, jf. § 16 i forskrift om utdanningsstøtte.¹⁴ Søkarar som får opptak utan GSK, har dermed ikkje rett til slik støtte.

¹¹ Pedersen, T. D., Kindt, M. T., Sundby, A. H., Hovdhaugen, E., Wollscheid, S., & Skålholt, A. (2025). *Videregående opplæring i utvikling og endring: En komparativ analyse av de skandinaviske landene og et kunnskapsgrunnlag for videre studier. Første delrapport fra prosjektet KLAR2030* (NIFU-rapport 2025:23). Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU). <https://nva.sikt.no/registration/019b30902437-9e7a51a2-d10d-4007-9d38-8a610b34ec18>. S. 98ff.

¹² Nordisk ministerråd. (1996). *Overenskomst mellom Danmark, Finland, Island, Norge og Sverige om adgang til høyere utdanning*. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stprp-nr-7-1996-97-/id201147/?ch=5>. Artikkel 1.

¹³ *Forskrift om utdanningsstøtte*. (2020). § 27, første ledd, bokstav a. Andre reglar gjeld for dei som tek ein del av ein grad utanfor Norden (første ledd, bokstav b), og det er unntak i andre ledd (bokstav a-g).

¹⁴ Jf. *Forskrift om utdanningsstøtte* (2020), § 16. Unntak frå norskkravet for søkarar med vidaregåande frå utlandet eller IB-linje; krav om GSK gjeld ikkje når søkaren er 25 år eller eldre og får opptak pga. realkompetanse; når søkaren er under 25 år og, på grunn av varig sjukdom, funksjonshemming eller liknande ikkje kan tilfredsstille eitt eller fleire av krava som blir stilt for å få GSK; søkaren har opptak til utdanning i utøvande eller skapande musikk, ballett, skodespel eller bildande kunst ved framstående lærestader med strenge krav for opptak.

Kravet om GSK for opptak til høgare utdanning, både i Noreg og i utlandet, blei grundig utgreidd i 2022. Opptaksutvalet konkluderte med at GSK-kravet fungerer godt, gir føreseielege rammer for søkarane, sikrar effektiv forvaltning og bør vere den sentrale kvalifiseringsvegen.¹⁵ Tal frå NIFU viser at dette også speglar praksis: Over 97 prosent av søkarane som fekk opptak til høgare utdanning i 2022, hadde GSK, anten frå studiespesialisering (78,3 prosent), påbygg (15,4 prosent) eller 23/5-regelen (3,6 prosent).¹⁶

GSK-kravet bidreg til at studentane har nødvendige faglege føresetnader for å fullføre utdanninga si. Tal frå Lånekassen viser at utanlandsstudentar har låg misleghaldsrate på studielån,¹⁷ som tyder på at dei får jobb etter utdanninga. For studentar som returnerer til Noreg etter avslutta utdanning, bidreg ordninga til å oppfylle eit av føremåla med utdanningsstøtteleova: å sikre norsk arbeidsliv tilgang på kompetanse frå studium i utlandet. Kandidatundersøkinga 2025 viser at utanlandsstudentar klarer seg like godt på arbeidsmarknaden som studentar med utdanning frå Noreg. Utanlandsstudentane er meir nøgde med studiet sitt – også når det gjeld arbeidsrelevans – enn kandidatar frå norske institusjonar.¹⁸

Kravet kan betraktast som eit risikoreduserande tiltak som skal sikre at studentane er best mogleg førebudde og har realistiske føresetnader for å gjennomføre eit studium. Reduksjonen i stipenddelen for skulepengar frå studieåret 2023/2024, der ein større del av støtta no blir gitt som lån, forsterkar behovet for at studentane er fagleg førebudde før dei reiser ut.

På grunn av GSK-kravet må søkarar med yrkesfagleg bakgrunn frå vidaregåande skule ta eit påbyggingsår – anten som VG3 i staden for læretida eller etter at læretida er avslutta – for å ha rett til studiestøtte i utlandet. Påbyggingsåret inneheld blant anna ti

¹⁵ NOU 2022:17. (2022). *Veier inn – ny modell for opptak til universiteter og høyskoler*. Kunnskapsdepartementet, s. 55.

¹⁶ Schmees, J. K., Smepllass, E., Skålholt, A., Hovdhaugen, E., & Imdorf, C. (2024). Pathways to higher education for vocationally qualified students: The case of Norway. *Nordic Journal of Studies in Educational Policy*. Advance online publication. <https://doi.org/10.1080/20020317.2024.2384165> (doi.org in Bing), s. 7.

¹⁷ Tal frå Lånekassen viser at gradsstudentar i utlandet har lågare grad av misleghald; 0,8 prosent for studium i EU/EØS, 1,2 prosent for studium utanfor Norden samla, av studielån samanlikna med heile studentpopulasjonen (1,9 prosent). Studentar i land med høge skulepengar (t.d. Storbritannia, Australia, USA) skil seg ikkje negativt ut.

¹⁸ Dette er avhengig av fagfeltet; i helse- og sosialfaga er det ein stor andel som er nøgde med studiet sin arbeidsrelevans, medan andelen i humanistiske og estetiske fag er noko lågare. Studentar frå naturvitenskaplege og tekniske fag utmerka seg med særleg høg tilfredsheit med studia sine; jf. Kandidatundersøkelsen 2025, s. 70–71. Dette blir vidare stadfesta i artikkelen Wiers-Jenssen, J. (2003). Norwegian students abroad: Experiences of students from a linguistically and geographically peripheral European country. *Studies in Higher Education*, 28(4), 391–411: “The students seem to be reasonably well prepared to meet the academic demands of foreign educational institutions. Half estimate that they are among the top 25% of students in their institution.” S. 401.

timar norsk i veka, noko som kan virke irrelevant når ein skal studere utanfor Norden. Samtidig kan norskkravet seiast å understøtte tilknytingskravet i forskrift om utdanningsstøtte,¹⁹ som skal auke sannsynet for at søkarar vil reise attende til Noreg for å bruke kompetansen sin etter avslutta utdanning i utlandet. Norskfaget skal i tillegg gi akademisk språkmeistring, trening i lesing, skriving, og i munnlege og digitale ferdigheiter, som er overførbare ferdigheiter og uavhengig av språket ein studerer på.

I den før omtalte mediesaka peikar NHO og NITO på at GSK-kravet kan vere eit hinder for å skaffe spisskompetanse Noreg treng. Dei viser til at ingeniørar med fagutdanning er svært etterspurde, og at desse må få moglegheit til å ta spesialiserte ingeniørutdanningar som ikkje finst i Noreg. Ein elev med fagbrev må både tileigne seg dei matematikk- og fysikkferdigheitene som vanlegvis blir kravd for opptak til ingeniørstudium, og også ta påbyggingsåret for å kvalifisere til GSK og studiestøtte. Konsekvensen kan dermed vere at ein går glipp av kandidatar med verdifull spisskompetanse.

Direktorata har ikkje haldepunkt for å seie at dette er eit omfattande problem, og tala frå Lånekassen referert i innleiinga viser at det er svært få personar som får avslag på studiestøtte fordi dei manglar GSK. Kor mange av desse som er søkarar med fagbrev som har fått opptak til ei spesialisert ingeniørutdanning er uvisst, men direktorata legg til grunn at dei er for få til at det kan forsvarast å endre ei ordning som fungerer godt og etter formålet, og som ikkje er til vidare hinder for studium i utlandet.²⁰

Eit anna moment er at vidareføring av GSK-kravet kan kome i konflikt med prinsippa i Lisboa- og Globalkonvensjonen. Konvensjonane understrekar prinsippet om at land skal ha tillit til kvarandre sine system for kvalitetssikring og opptak, og arbeide for å lette godkjenning av utdanning. Å halde fast ved GSK-kravet kan oppfattast som at det er manglande tillit til vurderingane som utanlandske lærestader gjer. HK-dir understrekar at Noreg ikkje har fått kritikk for praksisen, og formelt sett bryt han heller ikkje mot forpliktingar i konvensjonane ettersom desse ikkje regulerer forhold knytt til studiestøtte.

Symbolisk sett kan det likevel vere grunn til å meine at GSK-kravet er eit uttrykk for ein mistillit til andre land sine system for godkjenning av kvalifikasjonar og opptak til høgare utdanning. Lisboa-konvensjonen gir anledning til å gjere unntak, men desse

¹⁹ § 10 i Forskrift om utdanningsstøtte slår fast at det er fleire måtar å oppfylle tilknytingskravet for å få støtte til utdanning i utlandet.

²⁰ Ein gjennomgang gjort av Lånekassen for 2024–25, viser at det er éin student i denne kategorien som fekk avslag på støtte frå Lånekassen, og Lånekassen får slike saker sjeldnare enn kvart år.

unntaka må grunngjevast i kvart einskild tilfelle. Det er ulikt kor langt i Bolognaprosessen landa som har ratifisert Lisboa-konvensjonen har kome, og det er viktig å peike på at praksis for opptak kan variere frå land til land. I mange land er ikkje dei private lærestadene nødvendigvis bundne av krav til kvalitetsvurdering og opptak på same måte som dei offentlege lærestadene er. Ulike modellar for transnasjonal utdanning – for eksempel der studentar kan få opptak til utdanning i eit land medan utdanninga blir validert i eit anna land – kan utfordre tilliten til opptaksregelverk og godkjenningsordningar. Det at Noreg har til dels svært generøse støtteordningar for høgare utdanning er etter direktorata sitt syn ein tungtvegande grunn til å halde på GSK-kravet som eit tiltak som reduserer risikoen for at studentar begynner på kostbare utdanningar dei ikkje har føresetnader for å fullføre.

Forskningsarbeid og utgreiingar har i fleire år peikt på behovet for å vurdere om dei studieførebuande programma gir elevane dei kvalifikasjonane dei treng for å lukkast med høgare utdanning. Utdanningsdirektoratet arbeider no med ny struktur og nytt innhald i studieførebuande opplæring, som òg inkluderer fellesfaga i dei yrkesfaglege programma. NIFU bidreg gjennom forskingsprosjektet KLAR2030, som skal vere med på å legge kunnskapsgrunnlaget for arbeidet. Direktoratet tilrår at ein ikkje gjer om på kvalifikasjonskrava for studiestøtte til studium i utlandet før eventuelle endringar er vedteke som følgje av desse pågåande prosessane.

5.2 Fjerne GSK-kravet

Eit alternativ til dagens ordning er å fjerne GSK-kravet fullstendig, utan å innføre risikoreduserande tiltak. Då vil alle søkarar som kan dokumentere opptak til høgare utdanning i utlandet, kvalifisere til studiestøtte.

Det er fleire fordelar med dette alternativet: Det er enkelt å forstå for søkarane og enkelt å handsame for forvaltninga. Dette alternativet inneber at ein ikkje stiller ulike krav til søkarar til høgare utdanning innanfor og utanfor Norden. Alternativet inneber heller inga overprøving av opptaksvurderingar gjort av høgare utdanningsinstitusjonar i utlandet. Det etterlever i størst mogleg grad intensjonen bak ratifiseringa av Lisboa- og Global-konvensjonen, og det vil ikkje vere i konflikt med Noreg sine EØS-rettslege forpliktingar.

Tal frå Lånekassen indikerer at å fjerne GSK-kravet ikkje vil bidra til noka stor auke i talet på gradsstudentar i utlandet, i alle fall på kort sikt. I tillegg til at det er få søkarar utan GSK per i dag, er det truleg ikkje mange som vil få opptak til høgare utdanning i utlandet utan GSK. Dette kan endre seg over tid, i og med at fleire får kjennskap til moglegheita. Ei fjerning av GSK-kravet kan òg gi auka insentiv for profittdrivne aktørar til å rekruttere studentar til dyre utdanningar av låg kvalitet. Det kan føre til at det blir oppretta

utdanningstilbud av låg kvalitet og manglande arbeidsmarknadsrelevans spesielt retta mot studentar utan GSK, i samarbeid mellom kommersielle agentar og profittdrivne aktørar.²¹

Basert på tal på avslag grunna manglande GSK for studieåret 2024/25 har Lånekassen gjort ei kostnadsberekning som tek utgangspunkt i at 50 fleire personar vil kvalifisere for studiestøtte dersom GSK-kravet blir fjerna.²² Kostnadsberekninga viser at stipendkostnadene vil auke vesentleg som følgje av at GSK-kravet blir avvika, i alle fall ikkje på kort sikt.

Anslag over meirkostnader ved å avvike GSK-kravet heilt:

Post	Hausteffekt	Heilårseffekt
2410.50 – avsetn. til utdanningsstipend	1010	1260
2410.71 – skulepengestipend	1170	1460
2410.72 – rentestøtte	100	320
Sum stipend	2280	3040
2410.90 – basislån og skulepengelån	8740	10930
5617.80 – renter	100	320

Tal i 1000 kroner

Korleis utviklinga blir over tid, er usikkert. Sverige fjerna kravet til grundläggande behörighet for å få studiestøtte til studium i utlandet i 2015. Det blei bestemt politisk etter at fleire saker i Överklagenämnden för studiestöd (ÖKS) overprøvde avslag på studiestøtte frå Centrala Studiestödnämnden (CSN) til fordel for klagar. ÖKS meinte at det var opptakskrava til lærestadene som skulle være avgjerande for om ein fekk

²¹ Regjeringa vedtok i 2014 å avvike såkalla «badestudium», sidan samarbeidet med kommersielle aktørar og kvaliteten på studia ikkje var i samsvar med forventningar til høgare utdanningskvalitet.

²² Talet er basert på at Lånekassen for studieåret 2024/25 fann at det var 43 søkarar som fekk avslag på søknad om studiestøtte til høgare utdanning i utlandet med manglande GSK som einaste avslagsgrunn. Av desse var det 11 søkarar som hadde vanleg vidaregåande utdanning frå Noreg; resten hadde utdanning frå utlandet eller IB. Talet kan auke over tid, dersom det blir kjent blant dei aktuelle søkarane at GSK-kravet ikkje lenger gjeld, men det er usikkert korleis dette vil slå ut framover.

studiestøtte, ikkje kva utdanningsbakgrunn søkaren har. Sidan den gongen har talet på svenske heilgradsstudentar i utlandet ikkje auka; tvert imot har utviklinga vore lik den i Noreg.²³

Det er òg fleire ulemper med dette alternativet: Utan GSK-kravet har ein ingen måte å sikre studenten sitt faglege nivå på, som kan føre til at færre studentar fullfører utdanninga og sitt att med eit høgt lån dei ikkje klarer å betale. Det er usikkert korleis dette vil slå ut, men tal frå Sverige viser inga auke i studentar som ikkje fullfører ein grad, og graden av misleghald av lån har heller ikkje har auka.²⁴ I Sverige har ein heller ikkje sett teikn på at fleire studentar blir rekrutterte til kostbare studietilbod av låg kvalitet av profittdrivne aktørar, men her er det viktig å peike på at særleg skulepengestøtta i Sverige er mykje mindre generøs enn den norske. I Sverige har ein derimot hatt ein diskusjon knytt til forsøk på svindel med studiestøtte med forfalska opptaksbrev frå lærestader i utlandet. Når CSN ikkje lenger kan krevje å få sjå dokumentasjon på utdanningsbakgrunn, har dei mista ein kontrollmekanisme for å forhindre slike svindelsaker.

Dersom GSK-kravet blir fjerna, vil det framleis vere ulike vilkår for opptak til høgare utdanning i Noreg og for studiestøtte i utlandet. Ein konsekvens kan bli at fleire kvalifiserer til studiestøtte til høgare utdanning i utlandet enn som kvalifiserer til opptak til høgare utdanning i Noreg, altså at søkarar som ikkje får støtte i Noreg, får støtte i utlandet. Det kan dermed gjere ulikskapane mellom utdanningsstøtte i Noreg og i utlandet endå større enn dei er i dag, noko som vil vere det motsette av det som var hensikta med å endre kvalifikasjonskrava. På sikt kan dette gjere det vanskelegare å forsvare krav om generell studiekompetanse for desse studia i Noreg.

6 Vurderingar av risikoreduserande tiltak

Ved ei eventuell fjerning av GSK-kravet har direktorata vurdert ulike risikoreduserande tiltak. Diskusjonen baserer seg på ein føresetnad om at dei risikoreduserande tiltaka vil omfatte alle som studerer i utlandet og ikkje berre dei som ikkje har GSK. Ei innføring av risikoreduserande tiltak retta kun mot studentar utan GSK vil motverke det ein forsøker å oppnå ved å fjerne GSK-kravet i utgangspunktet.

²³ Om lag 30 000 studentar i 2014/15 og om lag 22 000 i 2023/24, ifølgje tal frå Centrala Studiestödnämnden (CSN).

²⁴ Informasjon frå CSN i møte og på e-post.

Risikoreduserande tiltak handlar i denne samanhengen om å vurdere tiltak som kan redusere risikoen for at studentar begynner på ei utdanning dei ikkje klarar å gjennomføre, samtidig som dei sitt att med høge lån. Det får negative konsekvensar for den enkelte student, men òg for samfunnet sidan det kan innebere auka grad av misleghald av lån, og føre til at samfunnet går glipp av kompetanse. Risikoreduserande tiltak kan vere tiltak som avgrensar retten til studiestøtte geografisk eller økonomisk, men òg andre tiltak knytt til kompetansebehov har blitt vurdert.

6.1 Geografiske avgrensingar

Ei geografisk avgrensa fjerning av GSK-kravet inneber at søkarar som ikkje har GSK likevel kan få støtte til studium i utvalde regionar og/eller land. Ulike geografiske avgrensingar har ulik grad av risikoreduksjon.

6.1.1 Fjerne GSK-kravet innanfor EU/EØS

Dette alternativet opnar for å fjerne GSK-kravet for studium innanfor EU/EØS, slik at det ikkje blir skilnad mellom studium i Norden og studium innanfor EØS-området elles. Ei slik utviding vil truleg vere meir i tråd med EØS-regelverket enn det dagens ordning er, men er ikkje fullt og heilt i tråd med Lisboa-konvensjonen i og med at ei rekke land innanfor det europeiske høgare utdanningsområdet (EHEA) då fell utanfor.

Alternativet kan gjere det mogleg for fleire å studere i ikkje-engelskspråklege land i Europa, noko som er i tråd med internasjonaliseringspolitikken. Risikoreduksjonen består i hovudsak i at den offentlege høgare utdanningssektoren er godt utbygd med breidde i studietilbod som ikkje krev høge skulepengar.

Når direktorata ikkje anbefaler dette alternativet er det fordi det truleg vil treffe svært få søkarar, i og med at det ikkje er mange som ikkje har GSK som har tilstrekkeleg språkkompetanse til å studere på eksempelvis tysk eller fransk. I tillegg er det ei kjennsgjerning at det finst fleire private studietilbod i EU/EØS som har høge skulepengar, så som risikoreduserande tiltak er dette eit alternativ som ikkje treff særleg godt.

6.1.2 Fjerne GSK-kravet innanfor EHEA

Om ein går inn for å fjerne GSK-kravet innanfor heile det europeiske utdanningsområdet, vil det vere i tråd med forpliktingar i Lisboa-konvensjonen. Som tiltak vil det sannsynlegvis treffe fleire, i og med at det opnar for søkarar til høgare utdanning i Storbritannia. Omsynet til Global-konvensjonen er då ikkje tatt med. Det er vanskeleg å argumentere for at ein skal ta omsyn til forpliktingar i éin konvensjon, men ikkje i ein annan.

6.1.3 Fjerne GSK-kravet innanfor prioriterte samarbeidsland

Ønsket om at fleire skal studere i dei prioriterte samarbeidslanda tilseier at ein kan argumentere for å fjerne GSK-kravet også for søkarar til høgare utdanning i Panoramalanda. Fleire av desse landa har ikkje på noverande tidspunkt signert Global-konvensjonen. Det er uklart om for eksempel USA kjem til å gjere det i og med politiske signal om å trekke landet frå UNESCO i løpet av 2026. USA er framleis eit prioritert samarbeidsland for norsk høgare utdanning, har utdanningsinstitusjonar av høg kvalitet, og er framleis eit populært land for heilgradsstudentar.

Samla sett tilrår ikkje direktorata å fjerne GSK-kravet for studiestøtte i geografisk avgrensa områder. Dei ulike omsyna – EØS-regleverk, respekt for konvensjonar og strategiar for samarbeid med prioriterte land – er delvis overlappende og dels utelukkande. Det er vanskeleg å peike på éi geografisk avgrensing og hevde at ho er meir relevant og riktig enn ei anna.

6.2 Økonomiske avgrensingar

Ulike former for økonomisk avgrensing kan bidra til å redusere risikoen for at studentar blir sittande att med høge lån dei ikkje klarer å betale.

6.2.1 Tidsavgrensa rett til studiestøtte i utlandet

Å avgrense retten til studiestøtte frå maksimalt åtte år til sju eller seks år kan bidra til å redusere samla mengd lån for utanlandsstudentane. Ei slik avgrensing er ikkje tilrådd i og med at det vil kunne gå utover studentar som tek langvarige, ofte spesialiserte utdanningar. Det er også vanskeleg å sjå for seg korleis ei slik grense skal handhevast i dei tilfella ein student har delar av utdanninga si frå Noreg og delar av ho frå utlandet, og det må vere ein føresetnad at grensa for åtte års studiestøtte i Noreg ligg fast.

6.2.2 Redusere eller fjerne retten til studiestøtte til skulepengar

Det er særleg studium ved lærestader med høge skulepengar som gjer at utanlandsstudentar får høg lånebyrde. Tal frå Lånekassen viser likevel at desse studentane ikkje har større problem med misleghald av lån enn studentar med lågare lånebyrde. Direktoratet tilrår ikkje at ein reduserer eller fjernar retten til skulepengestøtte ettersom det vil gå ut over samla tal på heilgradsstudentar i utlandet. Å redusere eller fjerne retten til skulepengar kun for studentar utan GSK vil i stor grad motverke det ein forsøker å oppnå ved å fjerne GSK-kravet i utgangspunktet.

6.2.3 Redusere eller fjerne retten til studiestøtte til lærestader på kvalifiseringslista

Studium ved studiestader på kvalifiseringslista gir rett til ekstra skulepengestøtte. Direktoratet tilrår ikkje at ein reduserer eller fjernar retten til denne ekstra skulepengestøtta ettersom det sannsynlegvis vil gå ut over samla tal på

heilgradsstudentar i utlandet. Som tiltak for å redusere høvet for studentar utan GSK til å få ekstra skulepengestøtte antek direktorata at grepet er marginalt, i og med at svært få studentar utan GSK vil få tilbod om opptak til lærestader på kvalifiseringslista.

6.2.4 Fjerne rett til studiestøtte ved private, kommersielle lærestader

I mange land med godt utbygd offentleg utdanning er studietilbodet ofte tilnærma gratis, noko som er tilfelle i EU/EØS. Samtidig er det òg slik at private studietilbydarar i desse landa krev studieavgifter som kan vere på same nivå som for studium i for eksempel Storbritannia. I tillegg til at studentane pådreg seg høge lån, problematiserer Mobilitetsmeldinga det at norsk offentleg studiestøtte kan bli ei kjelde til økonomisk utbytte for kommersielle institusjonar i utlandet. Eit risikoreduserande tiltak kan då vere å fjerne retten til studiestøtte for studium ved slike kommersielle institusjonar. Dette er eit tiltak direktorata av fleire grunner ikkje tilrår. I tillegg til at desse institusjonane kan ha studietilbod av høg kvalitet er det, som Mobilitetsmeldinga òg peiker på, vanskeleg å trekke ei klar grense mellom kommersielle og ideelle institusjonar.²⁵

6.3 Tiltak for å sikre kompetansebehov

Gradsstudium i utlandet kan vere eit bidrag til å sikre kompetanse som Noreg treng, men som ikkje i tilstrekkeleg grad blir produsert her. Medisinstudentar i utlandet er eit godt døme på dette. Medisinstudentane studerer i stor grad ved spesialtilpassa studieprogram i Aust-Europa. Ein finn ikkje tilsvarende tilbod til for eksempel ingeniørar eller anna teknologisk utdanning som er mangelvare i Noreg.

Kompetansebehov – særleg spesialisert kompetanse – kan vere skiftande og vanskelege å sjå føre seg godt nok til å lage treffande tiltak for høgare utdanning i utlandet som står seg over tid. Når ein begynner på ei utdanning som tek tre til fem år kan kompetansebehovet ha endra seg mykje frå studiestart til studieslutt.

6.3.1 Berre for særskilde utdanningar eller for søkarar med forkurs

Eit alternativ direktorata har vurdert er at GSK-kravet blir fjerna for enkelte studieretningar av omsyn til kompetansebehov. Det blir svært krevjande å bestemme kva kompetansebehov som skal telje, og korleis ein skal avgjere kva studium – og i kva land – som skal falle innanfor. Dei same innvendingane gjeld for vurdering knytt til å treffe spesielle tiltak for studentar med y-veg og forkurs. Førstnemnde gruppe kvalifiserer berre til spesielt tilrettelagde høgare utdanningsprogram i Noreg, og sistnemnde gruppe kvalifiserer til opptak til ingeniørfag og maritime utdanningar.

²⁵ Meld. St. 7 (2020–2021): *En verden av muligheter – Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning*. Kunnskapsdepartementet, s. 104.

Verken Lånekassen eller HK-dir har oversikter over innhaldet i ulike studium i forskjellige land i dag, og svar på første del av oppdraget viser at det ikkje er realistisk å skaffe seg ei slik oversikt utan at det får store konsekvensar for forvaltninga. Omsynet til forenkling og effektivisering av statlege tenester tilseier at dette ikkje er eit anbefalt alternativ.

6.3.2 Krav om retur til Noreg

Direktorata har vurdert om det let seg gjere å innføre eit krav om retur til Noreg etter fullført studium for å sikre at kompetanse frå utlandet kjem til nytte her. Ein kan sjå for seg at lån blir omgjort til stipend for dei som reiser heim att til Noreg etter avlagd grad i utlandet. Dette tiltaket blir ikkje tilrådd fordi arbeid i studielandet etter utdanning forsterkar effektane av utdanninga – språk, kulturkunnskap, nettverk – og arbeidserfaringa kan gjere det enklare å få relevant jobb i Noreg seinare. I ein global arbeidsmarknad kan ein dessutan nytte kompetansen sin for Noreg utan å arbeide i Noreg; innan næringar som skipsfart, fiskeri og olje- og energi får Noreg nytte av kompetanse utan at arbeidstakaren nødvendigvis arbeider i Noreg. I tillegg er også dette eit tiltak direktorata vurderer som forvaltningsmessig krevjande å følgje opp, og difor ikkje i samsvar med behovet for å forenkle og effektivisere statlege tenester.

7 Anbefalte tiltak og føresetnader for vellukka gjennomføring

Direktorata tilrår eitt av følgjande to alternativ, i prioritert rekkjefølgje:

Alternativ 1: Behalde GSK-kravet slik det er i dag

Direktorata anbefaler primært å halde på dagens ordning med GSK-kravet som utgangspunkt for rett til studiestøtte til studium utanfor Norden. GSK-kravet fungerer godt i dag, og at svært få søkarar får avslag, tyder på at kravet ikkje er til hinder for studium i utlandet. Vi meiner derfor at behovet for å gå bort frå kravet om GSK ikkje er tilstrekkeleg dokumentert til at det er tilrådeleg å gå bort frå ordninga – sjølv om vi ser at det i unntakstilfelle kan gi uheldige utslag. Vi ser òg at fleire av dei nordiske landa i praksis krev minimum GSK for opptak til høgare utdanning, noko som gjer at det ikkje kan seiast å vere strengare krav utanfor Norden enn i Norden. I og med at det er ein pågåande gjennomgang av opptakskravet til høgare utdanning, med KLAR2030-prosjektet og Lekve-utvalet si utgreiing om studiestøtta, tilrår vi uansett å vente med å gjere eventuelle endringar i kvalifikasjonskrava til studiestøtte i land utanfor Norden fram til det har kome konklusjonar i dei nemnde utgreiingane.

Alternativ 2: Fjerne GSK-kravet utan å innføre risikoreduserande tiltak

Dersom det skal gjerast ei liberalisering av krava, tilrår direktorata å fjerne GSK-kravet heilt, men med føresetnad av at ein held på godkjenningskravet i § 27 i Forskrift om utdanningsstøtte. Det vil mellom anna sikre at studentar ikkje startar på ei kostbar utdanning som viser seg å ikkje vere likestilt med akkreditert utdanning i Noreg.

Å fjerne GSK-kravet vil i større grad enn ved dagens ordning vere i samsvar med forpliktingar Noreg har i forbindelse med Lisboa- og Globalkonvensjonane. Det vil også vere i tråd med måla for norsk internasjonaliseringspolitikk.

Direktorata tilrår at ein ikkje innfører risikoreduserande tiltak, ettersom dei vil ha negativ effekt på talet på gradsstudentar i utlandet totalt sett, og vil bryte med måla for internasjonalt utdanningssamarbeid. Risikoreduserande tiltak som berre treff søkarar utan GSK vil framleis gi ulike vilkår for retten til studiestøtte i Noreg og i utlandet, og ulike vilkår for søkarar med og utan GSK. Fleire moglege risikoreduserande tiltaka vil vere forvaltningsmessig krevjande og ikkje i samsvar med behovet for å forenkle og effektivisere statlege tenester.

Referansar

- Brembo, F. & Olaisen, S. R. (2024, 21. februar). Lånekassen nekta Vegard studiestøtte fordi han valde forkurs i staden for generell studiekompetanse. NRK. <https://www.nrk.no/nordland/lanekassen-nekta-vegard-studiestotte-fordi-han-valde-forkurs-i-staden-for-generell-studiekompetans-1.16999389>.
- Directive 2004/38/EC of the European Parliament and of the Council of 29 April 2004 on the right of citizens of the Union and their family members to move and reside freely within the territory of the Member States amending Regulation (EEC) No 1612/68. <http://data.europa.eu/eli/dir/2004/38/2011-06-16>
- European Court Reports 1993 I-06447. Judgment of the Court (Fifth Chamber) of 7 December 1993. Stephan Max Wirth v Landeshauptstadt Hannover. <https://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/TXT/?uri=celex:61992CJ0109>
- European Court Reports 2005 I-02119. Judgment of the Court (Grand Chamber) of 15 March 2005. The Queen, on the application of Dany Bidar v London Borough of Ealing and Secretary of State for Education and Skills. <https://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/TXT/?uri=CELEX%3A62003CJ0209&qid=1772714646907>
- European Court Reports 2007 I-09161. Judgment of the Court (Grand Chamber) of 23 October 2007. Rhiannon Morgan v Bezirksregierung Köln (C-11/06) and Iris Bucher v Landrat des Kreises Düren (C-12/06). References for a preliminary ruling: Verwaltungsgericht Aachen - Germany. <https://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/TXT/?uri=CELEX%3A62006CJ0011&qid=1772716931907>
- Forskrift om utdanningsstøtte. (2020). *Forskrift om utdanningsstøtte* (FOR-2020-04-15-798). Lovdata. <https://lovdata.no/forskrift/2020-04-15-798>.
- Fredriksen, Kristoffer R.: (2025, 27. oktober): Færre nordmenn tar hele graden sin i utlandet. *Universitetsavisa*. <https://www.universitetsavisa.no/direktoratet-for-hoyere-utdanning-og-kompetanse-hk-dir-utdanning/faerre-nordmenn-tar-hele-graden-sin-i-utlandet-1/442205>.
- Kompetansebehovsutvalget. (2023). *Fremtidige kompetansebehov: Utfordringer for grønn omstilling i arbeidslivet* (Temarapport 1/2023). <https://www.kompetansebehovsutvalget.no/uploads/TArfQKaf/KBU-temarapport-2023.pdf>.
- Meld. St. 7 (2020–2021). *En verden av muligheter. Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-7-20202021/id2779627/>.
- NIFU (2025). *Arbeidsmarked, utdanning og bosted 6–7 år etter fullført masterutdanning: Rapport fra tematisk kandidatundersøkelse 2025* (Rapport 2025: 8). Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU). <https://nva.sikt.no/registration/0199c837ebe4-2615c671-cc6d-4d43-aebc-8f375529c015>.

Nordisk ministerråd. (1996). *Overenskomst mellom Danmark, Finland, Island, Norge og Sverige om adgang til høyere utdanning*. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stprp-nr-7-1996-97-/id201147/?ch=5>.

Norges Høyesterett – Dom. HR-2025-490-S. <https://lovdata.no/dokument/HRSTR/avgjorelse/hr-2025-490-s>

NOU 2022: 17. (2022). *Veier inn – ny modell for opptak til universiteter og høyskoler*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2022-17/id2948927/>.

Pedersen, T. D., Kindt, M. T., Sundby, A. H., Hovdhaugen, E., Wollscheid, S., & Skålholt, A. (2025). *Videregående opplæring i utvikling og endring: En komparativ analyse av de skandinaviske landene og et kunnskapsgrunnlag for videre studier. Første delrapport fra prosjektet KLAR2030* (NIFU-rapport 2025:23). Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU). <https://nva.sikt.no/registration/019b30902437-9e7a51a2-d10d-4007-9d38-8a610b34ec18>.

Schmees, J. K., Smeplass, E., Skålholt, A., Hovdhaugen, E., & Imdorf, C. (2024). Pathways to higher education for vocationally qualified students: The case of Norway. *Nordic Journal of Studies in Educational Policy*. Advance online publication. <https://doi.org/10.1080/20020317.2024.2384165> (doi.org in Bing).

Vatland, N. M. (2026, 8. januar): Få gjer som Nora (20): – Vi mistar djup kulturkompetanse. NRK. <https://www.nrk.no/rogaland/fa-gjer-som-nora-20--vi-mistar-djup-kulturkompetanse-1.17675601>.

Wiers-Jenssen, J., & Ulvestad, E. (2022). *Nyutdannede norske legers tilfredshet med utdanningen i Norge og i utlandet*. Michael, 19, 14–31.

Wiers-Jenssen, J. (2003). *Norwegian students abroad: Experiences of students from a linguistically and geographically peripheral European country*. *Studies in Higher Education*, 28(4), 391–411.

